

FYLKESHEFTE



# **FOLKE- OG BUSTADTELJING 1980**

SAMANDRAG AV KOMMUNEHEFTE

## **TELEMARK**

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
KONGSVINGER



**FOLKE- OG BUSTADTELJING  
1. NOVEMBER 1980**

**TELEMARK**

**STATISTISK SENTRALBYRÅ  
KONGSVINGER 1982**

**ISBN 82-537-1577-3**



## FØREORD

Hovudformålet med Folke- og bustadteljing 1980 var å gi eit bilet av befolkningen og levekåra i det norske samfunnet ved å sjå opplysningar om alder, kjønn, yrke, arbeid, inntekt, utdanning, butilhøve o.l. i samanheng.

Eit anna viktig formål var å gi statistikk for mindre geografiske område, som kommunar og delar av kommunar. Dei statistiske kommunehefta gir dei første resultata frå teljinga for å dekkje dette formålet. Fleire resultat for den enkelte kommunen vil ligge føre som eit sett upubliserte tabellar (ei "tabellpakke") kort tid etter at hefta er gitt ut. Tabellane vil bli leverte som utskrift på papir eller micro-fiche, etter ønskje frå brukaren.

Kommunehefta for alle kommunane i fylket er no publiserte. Vi har difor laga eit samandrag for heile fylket med tabellar som svarar til dei som finst i kommunehefta. Når kommunehefta for heile landet er utkomne, vil det også bli laga eit samandrag for heile landet. Tilsvarande samandrag for fylka og heile landet vil bli laga av den "tabellpakka" som er nemnt ovanfor.

Resultata frå Folke- og bustadteljing 1980 vil elles bli gitt i tabellpublikasjonar som vil kaste lys over spesielle emne, bl.a. sysselsetjing, bustadtilhøve, familiar og hushald. Resultata vil også bli viste i kart og diagram. Bl.a. vil det bli laga busetjingskart som svarar til dei som vart laga i samband med Folke- og bustadteljing 1970.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo/Kongsvinger, 8. juni 1982

Arne Øien

---

Johan-Kristian Tønder



## INNHOLD

	Side
<b>Tabellregister .....</b>	<b>7</b>
<b>Tekstdel</b>	
1. Opplegg og gjennomføring .....	8
1.1. Omfang .....	8
1.2. Grunnlag for statistikken .....	8
1.3. Datainnsamling .....	8
2. Feilkjelder .....	9
3. Omgrep og kjennemerke .....	9
3.1. Personkjennemerke .....	9
3.2. Familie- og hushaldstype .....	14
3.3. Bustadkjennemerke .....	15
3.4. Inndelinga i grunnkrinsar .....	17
4. Bruk av tabellane .....	18
5. Merknader til tabellane .....	18
<b>Tabelldel .....</b>	<b>19</b>
<b>Vedlegg</b>	
1. Kart over fylket .....	35
2. Personskjema .....	37
3. Bustadskjema .....	39

### Standardteikn i tabellar

- Null



## TABELLREGISTER

	Side
1. Folkemengda ved folketeljingane 1801 - 1980 .....	19
2. Folkemengda etter kjønn, ekteskapeleg status og alder. 1/11 1980 .....	19
3. Folkemengda etter trussamfunn/viktigaste kjelde til livsopphald, kjønn og alder. 1/11 1980 .....	19
4. Personar 16-66 år etter yrkesaktivitet, arbeidstid, kjønn og høyeste utdanning. 1/11-79 - 31/10-80 .....	20
5. Personar 16 år og over, etter yrkesaktivitet, arbeidstid, kjønn og alder. 1/11-79 - 31/10-80 .....	21
6. Yrkesaktive 16 år og over, etter alder og næring. 1/11-79 - 31/10-80 .....	21
7. Yrkesaktive 16 år og over, etter kjønn, arbeidstid og næring/yrkesfelt. 1/11-79 - 31/10-80 .....	22
8. Yrkesaktive 16 år og over i arbeid i veka 25/10 - 31/10 1980, etter kjønn, arbeidstid i veka og næring/yrkesfelt .....	23
9. Yrkesaktive 16 år og over med fast oppmøteplass på arbeid i veka 25/10 - 31/10 1980, etter talet på arbeidsreiser, reisetid og yrkesfelt/oppmøteplass .....	24
10. Yrkesaktive 16 år og over med fast arbeidsreise i veka 25/10 - 31/10 1980, etter reisemåte, oppmøteplass, talet på arbeidsreiser og reisetid .....	25
11. Bustader etter hustype og talet på rom. Busette etter talet på rom i bustaden. 1/11 1980 .....	26
12. Bustader etter byggjear for huset og hustype/eige-/leigeform. Busette og rom, etter byggjear for huset. 1/11 1980 .....	26
13. Bustader etter viktigaste kjelde til oppvarming og byggjear/installasjon av pipe. Busette etter bustadens viktigaste kjelde til oppvarming. 1/11 1980 .....	27
14. Bustader etter sanitærutstyr og talet på rom. Busette etter bustadens sanitærutstyr. 1/11 1980 .....	27
15. Bustader, rom og busette, etter hustype. 1/11 1980 .....	28
16. Bustader etter eige-/leigeform og areal. Busette etter eige-/leigeforhold til bustaden. 1/11 1980 .....	28
17. Bustader, busette og rom, etter busette pr. rom i bustaden. 1/11 1980 .....	28
18. Bustader etter talet på rom og talet på busette. 1/11 1980 .....	29
19. Familiar og personar, etter familietype, hushaldstype og talet på familiar i hushaldet/yrkesaktivitet i familien. 1/11 1980 .....	29
20. Familiar og personar i privathushald, etter familietype og eige-/leigeforhold til bustaden/talet på rom i bustaden. 1/11 1980 .....	30
21. Talet på privathushald med utvalde kjenneteikn for bustadstandard, og disponering av personbil. Busette i slike hushald, etter alder. 1/11 1980 .....	30
22. Folkemengda etter alder, kjønn og type bustadstrøk/kommune. 1/11 1980 .....	31
23. Yrkesaktive 16 år og over, etter næring, kjønn og type bustadstrøk/kommune. 1/11 1980 .....	32
24. Talet på privathushald med utvalde kjenneteikn for bustadstandard, og disponering av personbil. Bustadstrøk/kommune. 1/11 1980 .....	33

## 1. OPPLEGG OG GJENNOMFØRING

### 1.1. Omfang

Folke- og bustadteljing 1980 omfattar alle personar (også utanlandske statsborgarar) som etter "Forskrifter om fôringen og ordningen av folkeregistren" fastsett av Statistisk Sentralbyrå den 26. november 1979, var registrert busette i Noreg på teljingstidspunktet den 1. november 1980.

Bustadteljinga har med alle privatbustader (private husvære m.m.) der minst ein person var registrert busett den 1. november 1980.

Husvære der det ikkje budde nokon eller der det berre budde nokon mellombels (t.d. ugifte personar som budde utanom foreldreheimen på grunn av skolegang, studiar), er ikkje med i teljinga. Det er heller ikkje innhenta opplysningar om husvære for forpleide i aldersheimar, pleieheimar og andre fellesinstitusjonar.

Eininger hus er ikkje med i teljinga denne gongen. Det blir likevel gitt enkelte opplysningar om det huset som husværet ligg i. I avsnitt 3 er det gjort nærmare greie for bustadomgrepet (staden der ein person skal reknast som busett) og husværeomgrepet.

### 1.2. Grunnlag for statistikken

Dei fleste opplysningane i folke- og bustadteljinga byggjer på oppgåver som oppgåvegivarane har gitt direkte på eigne skjema.

Personskjema vart sende til alle personar som hadde fylt 16 år eller fylte 16 år i 1980, (sjå vedlegg 2).

For personar under 16 år fekk Statistisk Sentralbyrå dei nødvendige opplysningane frå folkeresisteret i den enkelte kommunen.

Opplysningane om det enkelte privathusværet er gitt på eige bustadskjema (sjå vedlegg 3).

Oppgåvene over utdanningsbakgrunnen til befolkningen er henta frå utdanningsopplysningane gitt i folketeljinga 1970 og "Arkivet for påbegynt og avsluttet utdanning" i Statistisk Sentralbyrå som inneheld alle utdanningsar som ein person har avslutta i Noreg i perioden 1970 - 1980. I tillegg kjem oppgåver over utanlandsk utdanning gitt i folketeljinga 1980.

Oppgåver over alder, kjønn og andre demografiske kjenneteikn er henta frå Det sentrale personregister i Statistisk Sentralbyrå.

Nødvendige oppgåver over dei vernepliktige og sivile tenestepliktige er innhenta gjennom Forsvarets overkommando og Administrasjonen for sivile tenestepliktige.

Folke- og bustadteljing 1980 vart gjennomført med heimel i Statistikkloven av 25. april 1907 og Stortingsvedtak av 16. november 1978.

### 1.3. Datainnsamling

Ved folketeljinga i 1980 vart skjema sende i posten direkte til den enkelte personen. Før utsendinga tok til, vart namn og adresse ført på skjemaa. Det var Det sentrale personregister som danna grunnlaget for denne påføringa.

Kvar person fekk tilsendt sitt eige personkjema saman med ei rettleiing.

I tillegg fekk den eldste personen i familien eit bustadskjema. Med bustadskjemaet følgde også ein svarkonvolutt.

Utfylte personkjema frå alle som budde i husværet saman med eitt bustadskjema vart sende samla tilbake i svarkonvolutten. Dersom det budde fleire familiar i same husværet, nyttja familiene same svarkonvolutt og berre eitt bustadskjema vart utfylt. Innsamlingsmetoden gav derfor grunnlag for å danne buhushald (sjå nedanfor) i folke- og bustadteljinga.

Den enkelte personen er i teljinga rekna å ha bustaden sin i det husværet der vedkomande var registrert busett i folkeregisteret 1. november 1980. Innsamlinga av opplysningane viste at enkelte personar budde i eit anna husvære enn der dei var registrert busette i folkeregisteret. Dette gjaldt bl.a. ugiffe studentar og skoleleavar som budde på hybel og som sende personskjemaet sitt i same svarkonvolutten som hybelverten. Dette galde også personar som hadde flytta kort tid før 1. november

1980 og som gav opp bustadopplysninga på den nye adressa, medan flyttinga først vart registrert i folkeregisteret etter 1. november 1980. I slike tilfelle vart personane likevel rekna som busette i den bustaden/adressa dei var registrerte på i folkeregisteret 1. november 1980. I avsnitt 3 er det gjort greie for kvar ein person skal reknast som busett. I same avsnittet er det også gjort greie for omgrepene "buhushald".

Dei personane som ikkje hadde svara på folketeljingsskjema til rett tid, fekk tilsendt ei adressert purring.

Dei som ikkje svara på den adresserte purringa, vart oppsøkt av teljarar som kravde inn oppgåvane.

## 2. FEILKJELDER

Under gjennomføring og bearbeiding av ei statistisk teljing vil det alltid kunne oppstå ulike feil som kan gi utslag i teljingsresultata.

Dei fleste feila oppstår vanlegvis under oppgåveinnhentinga og kjem av urette svar eller mangelfullt utfylte skjema.

Feil som oppstår under bearbeidingsa er først og fremst knytte til koding av opplysningar, i vårt tilfelle spesielt opplysningane om næring og yrke.

For å få eit grunnlag til å vurdere kor omfattande feila er, vart det gjennomført ei kvalitetskontrollundersøking i samband med teljinga.

Resultata frå denne undersøkinga blir publiserte i serien Statistiske analyser. Resultata er venta å ligge føre i 1982 og vil ta for seg sentrale kjenneteikn frå bustaddelen av teljinga, og kjenneteikn for sysselsetjing og arbeidsmarknad.

## 3. OMRØP OG KJENNERMERKE

### 3.1. Personkjennemerke

Når ikkje annet er nemnt, refererer personopplysningane seg til 1. november 1980.

#### Bustad

Den enkelte personen er i teljinga rekna å ha bustaden sin i den kommunen og i det husværet der vedkomande var registrert som busett i folkeregisteret den 1. november 1980. Hovudregelen er her at ein person skal registrerast som busett der vedkomande regelmessig tek døgnkvila si.

Dei viktigaste registreringsreglane er elles:

Bustadtihove	Skal registrerast som busett i
Gift person som pga. arbeid, studiar, avtening av verneplikt e.l. oppheld seg utanom felleshusværet til ektefellane	Felleshusværet til ektefellane
Ugift person som pga. studiar, skolegang eller avtening av verneplikt oppheld seg utanom husværet til foreldre/forsørgjar	Husværet til foreldre/forsørgjar
Ugift person med eige arbeid og som vanlegvis ikkje bur hos foreldre/forsørgjar	Husværet der personen vanlegvis bur
Person som pga. ferie, besøk hos kjende, forretningsreise e.l. er fråverande frå husværet der vedkomande vanlegvis bur	Husværet der personen vanlegvis bur
Person som er forpleid i barneheim, aldersheim, pleieheim eller er sett bort i privat pleie	Barneheimen, aldersheimen, pleieheimen eller husværet der personen er i pleie
Person som er innlagd på sjukhus eller plassert på arbeidsskole, arbeidsanstalt eller i fengsel	Husværet der personen var busett før innlegginga eller plasseringa

Personar som ikkje kan heimførast til ein bestemt bustad, er rekna til gruppa "Utan fast bustad". Personar utan fast bustad er som regel registrerte som busette i den kommunen der dei sist hadde fast bustad.

I det følgjande er omgrepene "Busett" brukt i same tyding som omgrepene "Registrert busett".

Det er ikkje innhenta opplysningar om mellombels bustad. Det kan derfor ikkje bli gitt oppgåver over den tilstadeverande befolkninga.

Opplysningane frå Folke- og bustadtelljing 1980 er ikkje nytta til å justere opplysningane i folkeregistra.

#### Alder

I fordelinga etter alder er den enkelte personen gruppert etter alder pr. 31. desember 1980 (Alder = 1980 - fødselsår).

#### Ekteskapeleg status

Det er brukt fire hovudgrupperingar etter ekteskapeleg status, nemleg ugifte, gifte, skilde og enkjer/enkjemenn.

#### Sambuande

Med sambuande meiner ein personar som lever saman (i ekteskapsliknande forhold) utan å ha inn-gått formelt ekteskap.

I gruppa sambuande er rekna berre dei personane som er registrert busette på same adressa i folkeregisteret 1. november 1980.

#### Trussamfunn

Det er brukt tre grupperingar etter trussamfunn, nemleg "Den norske kyrkja", "Trussamfunn utanfor den norske kyrkja" og "Ikkje tilslutta trussamfunn".

Personar under 16 år er som regel grupperte saman med foreldra sine. I dei tilfella foreldra ikkje høyrer til same gruppe, er barna ført til gruppa for uoppgitt.

#### Utdanning

Oppgåvene over utdanning omfattar enkeltutdanningar på heil- eller deltid som normalt varer minst 5 månader.

For personar med fleire enkeltutdanningar, er den utdanninga som samla varer lengst (normal tid for enkeltutdanninga tillagt den tida som krevst til føreutdanning) rekna som den høgaste utdanninga. Av utdanningar som samla varer like lenge, er den som er rekna som den viktigaste yrkesmessig, oppfatta som den høgaste utdanninga til personen. Utdanningsgrupperinga er gjort etter 1973-utgåva av Standard for utdanningsgruppering i offentleg norsk statistikk (Statistisk Sentralbyrås Håndbøker nr. 28).

Standarden er bygd opp som eit pyramidisk klassifikasjonssystem.

Enkeltutdanningane er først ordna i grove grupper som i standarden blir kalla utdanningsnivå. Innanfor kvart nivå er det først gjort ei sortering etter fagfelt, dernest ei finare sortering i faggrupper.

Inndelinga i nivå eller hovudgrupper er gjort på denne måten:

0. Inga utdanning og utdanning på førskolenivå (utdanning for 6-åringar og mindre barn)
1. Utdanning på barneskolenivå (1 - 6 år, førskoleutdanning ikkje medrekna)
2. Utdanning på ungdomsskolenivå (7 - 9 år)
3. Utdanning på gymnasnivå I (10 år)
4. Utdanning på gymnasnivå II (11 - 12 år)
5. Utdanning på universitets- og høgskolenivå I (13 - 14 år)
6. Utdanning på universitets- og høgskolenivå II (15 - 16 år)
7. Utdanning på universitets- og høgskolenivå III (17 - 18 år)
8. Utdanning på forskarnivå (over 18 år)
9. Uoppgitt utdanning.

I tabellane over høgaste utdanninga til personen frå folketeljinga er gruppene 0 og 9 slått saman til ei gruppe.

Fagfelta er i standarden spesifiserte slik:

1. Allment fagfelt
2. Humaniora og estetikk
3. Undervisning
4. Administrasjon, økonomi, samfunnsvitskap og jus
5. Industri, handverk, naturvitskap og teknikk
6. Samferdsel
7. Helsevesen
8. Jordbruk, skogbruk og fiske
9. Tenesteyting og forsvar.

I tabellane frå folketeljinga er berre dei viktigaste fagfelta under dei ulike nivå- eller hovudgruppene spesifiserte. Dei andre fagfelta er slått saman til ei gruppe.

I folketeljinga 1970 vart det gjort ei tre-deling av gymnasnivået i standarden etter kor lenge utdanninga vara, 10 år, 11 år og 12 år.

I folketeljinga 1980 følgjer inndelinga grupperinga i standarden, nemleg ei gruppering på 10 år og 11 - 12 år.

Fagutdanninger avslutta før 1972/73 og som ikkje byggjer på examen artium blir i teljinga 1980 koda med 8 års allmennutdanning som grunnlag. Fagutdanninger avgjorde etter 1972/73 blir koda med 9 år som grunnlag.

#### Viktigaste kjelde til livsopphald

Personar 16 år og over er grupperte etter den kjelda til livsopphold som var viktigast dei siste 12 månadene før teljingstidspunktet, dvs. frå 1. november 1979 fram til 1. november 1980. For personar under 16 år som er busette i privathushald er inntekta frå andre personar alltid rekna som viktigaste kjelde til livsopphald.

For personar under 16 år som er busette i felleshushald er pensjon, trygd rekna som viktigaste kjelde til livsopphald.

Med "inntekt av eige arbeid" er meint inntekt av eigen yrkesaktivitet.

"Pensjon, trygd" omfattar sjuketrygd, arbeidsløysetrygd, forsørgjartrygd, uførretrygd, alderstrygd, yrkesskadetrygd, krigspensjon, bedriftspensjon o.l.

Som "stipend, lån, formue, føderåd, leigeinntekt eller anna formuesinntekt" blir også rekna utbetalingar i samband med livsforsikring eller individuell pensjonsforsikring. Underhald frå andre enn privatpersonar (t.d. stønader frå det offentlege, institusjonar eller bedrifter), så nær som pensjon og trygd blir også rekna med her.

Personar som har inntekta til andre personar som viktigaste kjelde til livsopphald er grupperte under "inntekt av eige arbeid eller andre personars arbeid/inntekt". Dette gjeld uansett om inntekta kjem frå arbeid, pensjon, trygd eller stipend, lån m.m.

#### Yrkesaktivitet

I Folke- og bustadteljing 1980 er det innhenta oppgåver om yrkesaktiviteten både for dei siste 12 månadene før teljingstidspunktet og den siste veka før teljingstidspunktet.

Som yrkesaktivitet er rekna alt arbeid som blir utført mot betaling i form av lønn, inntekt av eiga bedrift, provisjon, honorar o.l. Arbeid som familiemedlem utan fast lønn i familiebedrift (t.d. gardsbruk, butikk) og verneplikts-/sivilteneste er også rekna som yrkesaktivitet.

Som yrkesaktive dei siste 12 månadene er rekna personar 16 år og over som utførte yrkesaktivitet som vara minst 100 timer i denne perioden.

Som yrkesaktive den siste veka før teljingstidspunktet er rekna personar 16 år og over som utførte yrkesaktivitet som vara minst 1 time i denne veka. Personar som var midlertidig borte frå arbeidet heile veka på grunn av sjukdom, permisjon, ferie e.l. er ikkje rekna med blant dei yrkesaktive.

### Arbeidstid

Det er innhenta oppgåver over arbeidstida både for dei siste 12 månadene før teljingstidspunktet og den siste veka før teljingstidspunktet.

Arbeidstida omfattar all den tida som er gått med til yrkesaktivitet. Arbeidstid som har gått med til førebuing i tillegg til ordinær arbeidstid, er også rekna med (t.d. førebuingar i tillegg til ordinær undervisningstid for lærarar). Tid som er brukt til skolearbeid, studiar og husarbeid for eigen familie, er ikkje rekna med.

Fråvær på grunn av sjukdom, permisjon, ferie e.l. er heller ikkje rekna med i arbeidstida.

### Generelt om grupperinga etter næring, yrke og yrkesstatus

Personar 16 år og over med yrkesaktivitet er grupperte på næring etter kva slags verksemd det er i den bedrifa der den enkelte arbeidde heile tida eller lengst tid dei siste 12 månadene før teljingstidspunktet. Desse personane er vidare grupperte på det yrket og den yrkesstatusen som dei hadde heile tida eller lengst tid i denne bedrifa i 12-månadersperioden.

Personar 16 år og over med yrkesaktivitet siste veka før teljingstidspunktet er grupperte etter den næringa og det yrket vedkomande oppgav å ha hatt i den bedrifa der den enkelte arbeidde heile tida eller lengst tid dei siste 12 månadene før teljingstidspunktet. Det er såleis ikkje innhenta særskilde oppgåver om næring og yrke for dei yrkesaktive den siste veka før teljingstidspunktet.

### Næring

Næringsgrupperinga er gjort etter 1978-utgåva av Standard for næringsgruppering i offentleg norsk statistikk (Statistisk Sentralbyrå's Håndbøker nr. 9).

Denne standarden er i samsvar med International Standard Industrial Classification of All Economic Activities (ISIC).

I standarden er grupperingssystemet utforma som eit femsifra pyramidisk system der kvart siffer gir eit grupperingsnivå. Dei fem nivåa har fått følgjande nemningar:

Næring	1-sifra kode
Næringsområde	2-sifra kode
Næringshovudgruppe	3-sifra kode
Næringsgruppe	4-sifra kode
Næringsundergruppe	5-sifra kode

Næringane på 1-sifra nivå har følgjande 9 inndelingar:

1. Jordbruk, skogbruk, fiske og fangst
2. Bergverksdrift
3. Industri
4. Kraft- og vassforsyning
5. Byggje- og anleggsverksemd
6. Varehandel, hotell- og restaurantverksemd
7. Transport, lagring, post og telekommunikasjonar
8. Bank- og finansieringsverksemd, forsikringsverksemd, eigedomsdrift og forretningsmessig tenesteyting
9. Offentleg, sosial og privat tenesteyting.

Ei oversikt over den vidare inndelinga i næringsområde m.m. finst i Standard for næringsgruppering.

Næringsgrupperinga i 1980-teljinga er ikkje direkte samanliknbar med næringsgrupperinga i 1970-teljinga. Årsaka til dette er overgangen til ny standard for næringsgruppering i 1972. I folketeljinga 1970 vart næringsgrupperinga gjort etter 1960-utgåva av Standard for næringsgruppering.

Tabellar med samanliknbare tal mellom teljinga i 1970 og 1980 vil bli publiserte ei tid etter kommunehefta i dei såkalla "tabellpakkene". Næringsoppgåver med resultat frå 1970-teljinga grupperte etter 1978-utgåva av Standard for næringsgruppering, vil da bli gitt. I folketeljinga 1980 blir det gitt næringsoppgåver ned på næringsgruppe (3-sifra kode).

Yrke

Yrkesgrupperinga er gjort etter Standard for yrkesgruppering i offentleg norsk statistikk (utgitt av Arbeidsdirektoratet i 1965). Standarden følgjer i prinsippet 1958-utgåva av International Standard Classification of Occupations (ISCO).

Standarden er bygd opp slik at yrke som er i nær slekt er ført saman til såkalla yrkesgrupper, som igjen dannar yrkesområde. Desse yrkesområda er ført saman til yrkesfelt.

Kwart yrke i klassifiseringa har femsifra kodenummer:

første siffer angir yrkesfelt  
første og andre siffer angir yrkesområde  
første - tredje siffer angir yrkesgruppe  
første - femte siffer angir yrke.

Til folketeljinga 1980 har Statistisk Sentralbyrå ført nye yrke inn i denne standarden. Den inndelinga i yrkesgrupper som er brukt i 1965-utgåva, er stort sett brukt også her. Vidare er ein del yrkesgrupper slått saman og nokre er splitta i fleire grupper. Ei ny tre-siffergruppe er tatt med for olje- og gassarbeid. Dessutan er leiande tenestemenn i kommunal- og fylkeskommunal administrasjon og forvaltning skilt ut som ny gruppe.

Gruppene "Lærarar og faglærarar i praktiske yrke" er slått saman til ei gruppe.

Oppgåver over yrke er i teljinga gitt ned på yrkesgruppe (3-sifra kode).

Yrkesstatus

I teljinga er det brukt følgjande tre grupperingar etter yrkesstatus:

1. Fast eller midlertidig tilsett
2. Sjølvstendig
3. Familiemedlem utan fast løn i familiebedrift.

Personar (også medeigarar) som arbeidde i firma organiserte som aksjeselskap, andelslag eller anna selskapsform med avgrensa ansvar, er alltid rekna som tilsette.

Ein person er rekna som sjølvstendig dersom vedkomande dreiv verksemد åleine for eiga rekning eller saman med andre med uavgrensa ansvar (t.d. i ansvarleg selskap).

Gruppa "Familiemedlem utan fast løn i familiebedrift" omfattar personar som arbeidde i familieverksemد utan fast avtala lønn og som verken var eigarar eller medeigarar i verksemda. Ein familiemedlem utan fast lønn kan likevel ha vederlag for arbeidet i form av kost og losji, del av overskott el.l.

I dei tilfelle der ektefellar arbeidde i felles verksemد (t.d. gardsbruk) som ikkje var organisiert som aksjeselskap e.l., er den eine ektefellen rekna som sjølvstendig og den andre som familiemedlem utan fast lønn i familiebedrift, med mindre begge ektefellane var registrerte som eigarar av verksemda.

Generelt om oppmøteplass, reisehyppigkeit, reisetid og transportmåte

Kjennemerka gjeld personar 16 år og over med yrkesaktivitet i siste veka før teljingstidspunktet.

Reisehyppigkeit, reisetid og transportmåte gjeld yrkesaktive personar med fast oppmøteplass (sjå oppmøteplass).

Reisetid og transportmåte gjeld yrkesaktive personar med fast arbeidsreise (sjå reisehyppigkeit).

Oppmøteplass

Med oppmøteplass forstår ein den staden der vedkomande møtte fram når arbeidsdagen tok til.

Personar 16 år og over med yrkesaktivitet siste veka før teljingstidspunktet er grupperte etter kommunen den faste oppmøteplassen låg i (rute 1 og 2 i personskjemaet).

Personar som i denne veka møtte på ulike arbeidsstader, var til sjøs e.l., er ikkje rekna å ha fast oppmøteplass (rute 3 i personskjemaet).

### Reisehyppigheit

Med reisehyppigheit forstår ein så mange gonger som vedkomande reiste frå heimstaden til arbeidsstaden den siste veka før teljingstidspunktet.

Heimstaden er alltid rekna som den bustadadressa vedkomande er registrert busett på i folke-registeret. For personar som budde mellombels på t.d. hybel eller brakke i denne veka, er reisa mellom hybel, brakke og arbeidsstad ikkje medrekna.

For personar som var registrert busette på arbeidsstaden er det rekna kor mange dagar vedkomande var på arbeid siste veka før teljingstidspunktet.

Med "fast arbeidsreise" meiner ein personar med fast oppmøteplass og som reiste minst ein gong frå heimstaden til arbeidsstaden i veka før teljingstidspunktet.

### Reisetid

Reisetid er reisetida frå heimstaden (registrert bustadadresse) til arbeidsstaden. Reisetida er rekna ein veg. I reisetida er gangtid og ventetid under reisa teke med. Det same gjeld faste gjeremål som t.d. å ta med barn til barnehage, dag mamma e.l. Tilfeldige gjeremål og seinkingar er ikkje rekna med.

For pendlarar som budde mellombels på t.d. hybel, brakke e.l., er reisetida rekna frå heimstaden og fram til arbeidsstaden.

### Transportmåte

Med transportmåte forstår ein dei transportmidla vedkomande til vanleg nytta ein veg frå heimstaden til arbeidsstaden siste veka før teljingstidspunktet.

For personar som ikkje reiste på same måten kvar dag, er det rekna med den reisemåten vedkomande nytta flest dagar.

### 3.2. Familie- og hushaldstype

Grupperingane på familie og hushaldstype refererer seg til teljingstidspunktet den 1. november 1980.

#### Familie

Til ein og same familie er rekna:

1. Ektepar og eventuelle ugifte barn registrert busette i same privatbustad, aldersheim, pleieheim e.l.
2. Far/mor med ugifte barn registrert busette i same privatbustad, aldersheim, pleieheim, pensjonat, hotell e.l.
3. Kvar enkelt person som ikkje høyrer inn under noka av de to gruppene som er spesifiserte ovanfor (bl.a. personar utan fast bustad). Desse personane dannar såleis kvar for seg eigen familie (familie med ein person).

I familiar med ektepar er også teke med eventuelle ugifte barn av berre den eine ektefellen og ugifte adoptivbarn og stebarn, men ikkje fosterbarn.

Av reglane som er nemnde ovanfor går det fram at personar (t.d. ektefellar) som ikkje var registrert busette i same privatbustad, aldersheim, pleieheim e.l., aldri er grupperte under same familie. Vidare går det fram at gifte, separerte, skilde, enkjer og enkjemenn ikkje i noko tilfelle er rekna til same familie som foreldra. Når t.d. eit ektepar bur saman med ei skild dotter, dannar ektefellane eigen familie og dottera eigen familie. Elles kan nemnast at ugifte sysken som har felles husvære, der ingen av foreldra er busette, kvar for seg er rekna som særskild familie.

---

#### Hushaldstype

Det er skilt mellom to hovedtyper av hushald, nemlig privathushald og felleshushald.

Gruppa "Privathushald" omfattar personar som var registrerte som busette i privat husvære.

Denne hushaldstypen er vidare splitta opp etter talet på familiar i hushaldet. Som hushaldseining er

her rekna buhushald. Denne omfattar alle busette i same husvære. Av dette følgjer at talet på privat-hushald er det same som talet på husvære i teljinga.

Til felleshushald er rekna forpleide som var registrert busette i aldersheimar, barneheimar, pleieheimar og losjerande som var registrert busette i pensjonat, hotell e.l.

Personale ved felleshushald er alltid grupperte under privathushald. Det same gjeld militært personell som budde i militærforlegning.

Anna hushald omfattar personar utan fast bustad.

### 3.3. Bustadkjennemerke

Bustadkjennemerka refererer seg til den bustaden der den einskilde var registrert busett 1. november 1980.

#### Bustad (husvære m.m.)

Med husvære meiner ein t.d. rekkjehus, husvære i tomannsbustad, husvære i leiegård, blokk-husvære, hybelhusvære og hybel med eigen inngang. Einebustad blir også rekna som husvære.

I hybelbygg er derimot kvar enkelt hybel alltid rekna som husvære. Dette gjeld også når fleire hybler har felles gang, hall, bad og/eller kjøkken.

Vidare er hybler for sjukepleiarar, legebustader og rom som er disponerte av privathushald i sjukehus, militærforlegningar eller felleshushald, alltid rekna som eigne husvære.

Til eit husvære er som hovudregel rekna rom som er bygde (eller ombygd) til bruk for ein eller fleire personar som har felles kost og losji, og der det er tilgjenge til romma (rommet) utan at ein må gå gjennom eit anna husvære.

Ein bustad vil derfør som regel falle saman med omgrepene husvære.

I enkelte tilfelle vil ein bustad omfatte mer enn eitt husvære. Dersom t.d. ugiffe barn bur i eige husvære (hybel med eigen inngang e.l.), men på same adressa som foreldra, er som hovudregel barna rekna å høyre til same husvære som foreldra. I dette tilfellet omfattar bustaden det husværet som foreldra bur i og det husværet som barna bur i. Berre dersom barna er registrerte som eigen familie i folkeregisteret, er husværa rekna som særskilde bustader.

Hybler utan eigen inngang som ikkje ligg i hybelbygg, fellesinstitusjon e.l., og der det bur personar som er registrerte i folkeregisteret på vedkomande adresse, er alltid rekna til same bustad som hovudhusværet.

Med privatbustad er meint husvære der det ikkje bur forpleide i aldersheimar, barneheimar og andre fellesinstitusjonar. Husvære for tilsette (t.d. sjukepleiarar) ved felleshushald er såleis rekna som privatbustader. Det same gjeld husvære for befat m.m. i militærforlegningar.

Det er ikkje innhenta oppgåver for husvære som ikkje er privatbustader.

I tabellane er "privatbustadene" for å gjera det enkelt kalla "husvære".

#### Rom

Oppgåvene over talet på rom refererer seg til husvære som er med i teljinga, og omfattar bustadrom på  $6\text{ m}^2$  eller meir, og som kan nyttast året rundt. Kjøkken, bad, entré, hall, alkove, hems, trimrom, vaskerom og rom som berre blir nytta til næringsverksem (f.eks. kontor) er ikkje med.

I 1980-teljinga er det ikkje innhenta spesifiserte oppgåver over talet på rom i husvære med "meir enn 8 rom", slik som det vart gjort i teljinga i 1970.

I oppgåvene for "rom i alt" er tala på rom i husvære med meir enn 8 rom derfor rekna med. For kvar enkelt kommune er det laga gjennomsnittstal frå 1970-teljinga (dvs. gjennomsnittleg tal på rom i husvære med meir enn 8 rom). Dette gjennomsnittstalet er brukt for å fastleggje talet på rom for husvære med meir enn 8 rom i 1980-teljinga.

Areal

Med areal for husværet er meint nettoareal. I tillegg til bustadrom på 6 m<sup>2</sup> eller meir er også teke med kjøkken, bad, entré, hall o.l.

Rom som er felles for to eller fleire husvære, t.d. felles gang, hall, bad e.l., er ikkje rekna med i arealet.

Eige-/leigeform

Som eigarar er også rekna personar som eig aksje eller andel som gir burett.

Med "vanleg leigekontrakt" er meint at vedkomande leiger eit husvære av ein eigar etter dei reglar og avtalar som følgjer av husleigelova. Vanleg leigeforhold utan skriftleg kontrakt er også rekna med her.

Kjøkken

Med kjøkken er i teljinga meint ein del av husværet som er avgrensa frå andre delar av det, og der det er installert utstyr til matlaging for dei som bur der. Kjøkkenet kan vera eit eige rom, men treng ikkje vera det.

Dersom fleire husvære har felles kjøkken, t.d. hyblar i eit hybelbygg, er alle husværa rekna å vera utan kjøkken.

I storleiken på kjøkkenet er også medrekna golvplass til benker, skap o.l.

Viktigaste kjelda til oppvarming

Dersom to eller fleire kjelder er like viktige for oppvarming av husværet, er både (alle) desse rekna med.

Hushaldet disponerer bil

Med å disponere bil meiner ein i teljinga å eige/leige bil eller å ha høve til å bruke privat t.d. firmabil.

Stasjonsvogn og varevogn er rekna som personbil berre dersom ho blir brukt også til privatkjøring.

Hustype

Som hus er som hovudregel rekna bygningar som frå kjellar til loft er skilde frå andre bygningar.

Kvar enkelt blokk er derimot rekna som eitt hus, sjølv om det frå kjellar til loft er skiljevegg(ar) utan gjennomgang i blokka.

I rekkjehus er heile rekkja av husvære rekna som eitt hus.

Som frittliggjande einebustad er rekna einebustad med minst ein halv meters avstand til nærmaste hus.

Som hustype "einebustad" er også rekna frittliggjande einebustader som inneheld eit hybelhusvære, og/eller der eitt eller fleire rom er brukte som hybel.

Rekkjehus er hus med husvære som har minst ein vegg eller ein del av ein vegg felles med eit anna husvære. Hus i kjede er hus som er bundne saman med eit anna hus ved garasje, carport, svalgang o.l. Terrassehus er hus med husvære som er bygde saman i ei bakkeskråning, og der fleire av husværa har heile eller delar av taket til husværet under som terrasse.

Horisontalt delt tomannsbustad er hus med to vanlege husvære (som kan ha ulik storleik) og der det eine husværet ligg i ein etasje over det andre.

Anna bustadbygg med mindre enn 3 etasjar omfattar også einebustader med mindre enn ein halv meters avstand mellom husa.

Gruppa "forretningsbygg m.m." omfattar hus der halvparten eller mindre av golvarealet er nytta til privatbustad.

Som bygg for felleshushald er rekna hus der det er organisert felleshushald for dei busette og/eller mellombels tilstadeverande.

Oppgåver over tal på husvære, rom og busette i bygg for felleshushald omfattar berre privathusvære, rom og busette i desse bustadene.

#### Byggjeår

Med byggjeår meiner ein det året da minst halvparten av husværa i huset var ferdige til innflytting. Hus som er ombygde, er grupperte etter opphavleg byggjeår.

#### Gjennomsnittstal

Busette pr. husvære er lik talet på busette i privathusvære dividert med talet på privathusvære.

Rom pr. husvære er lik talet på rom (kjøkken ikkje medrekna) i privathusvære dividert med talet på desse husværa.

Busette pr. rom er lik talet på busette i privathusvære dividert med talet på rom (kjøkken er ikkje medrekna) i privathusvære.

#### 3.4. Inndelinga i grunnkrinsar

Grunnkrinsinndelinga til bruk i folketeljinga er gjort av Byrået i samarbeid med kommunane og brukarar av statistikk på regionalt nivå.

Følgjande kriterium er lagde til grunn for utarbeidingsa av grunnkrinsane:

1. Utgangspunktet for grunnkrinsinndelinga er som regel inndelinga i folketeljingskrinsar i 1970. Dersom inndelinga frå 1970 er endra, er det lagt vekt på at grupper av grunnkrinsar kan samanliknast med ein eller fleire tidlegare folketeljingskrinsar.
2. Grunnkrinsane er utforma slik at dei kan vera stabile over ein rimeleg tidsperiode.
3. Grunnkrinsane skal bestå av eit samanhengande geografisk område.
4. Grunnkrinsane bør vera mest mogleg einsarta når det gjeld natur- og næringsgrunnlag, komunikasjonsforhold og bygningsmessig struktur.
5. Folketal og areal bør ikkje variere for sterkt. Folketalet kan variere frå under 100 i sterkt spreidtbygde strøk til over 1 000 i dei tettast utbygde byområda.

Fordi grunnkrinsinndelinga skal vera mest mogleg stabil, er ho ikkje knytt saman med ei avgrensing av tettbygde strøk, da desse grensene stadig må endrast.

Tettstadavgrensinga er ført vidare uavhengig av grunnkrinsinndelinga. Retningslinene for tettstadavgrensinga følgjer i store trekk den som vart praktisert i 1960 og 1970. Hovudkriteriet ved avgrensinga av tettstad er at avstanden mellom husa i ei husklyng ikkje skal vera over 50 meter, men det er tillate skjønnsmessige avvik for område der det ikkje kan eller skal byggjast bustader, som t.d. lagerplassar, idrettsanlegg, parkar o.l. Området må ha minst 200 busette på teljingstidspunktet.

Det er ikkje stilt noko krav om at grensene for grunnkrinsane skal falle saman med grensene for kyrkjesokn, skole- eller valkrinsar.

Grunnkrinsar blir også grupperte til delområde (bydelar/bygdelag). Desse delområda omfattar vanlegvis 1 000 - 3 000 personar i spreidtbygde strøk og 3 000 - 5 000 personar i tettbygde strøk. Eit delområde kan t.d. vera eit område som soknar til eit lokalt sentrum i ein kommune.

Det er ikkje presentert statistikk på grunnkrinsnivå i fylkessamandraga. Vi viser til kommunehefta og kommunepakkene for slik statistikk.

For ei nærmare orientering om grunnkrinsane m.m. viser vi til hefta "Grunnkretser og tettsteder. Dokumentasjon 1980".

#### 4. BRUK AV TABELLANE

Dette heftet inneholder tabellar for det enkelte fylke. Tabellane i fylkessamandraga er inndelte i seks hovedgrupper.

Tabellane 1 - 3 gir resultat for enkelte demografiske kjenneteikn.

Tabellane 4 - 10 gir hovedresultat for utdanning, yrke, næring, arbeidstid m.m. Tabellane 4 - 7 refererer seg til dei siste 12 månadene før teljingstidspunktet. Tabellane 8 - 10 gir oppgåver for kjennemerke som knytter seg til den siste veka før teljingstidspunktet.

Tabellane 11 - 18 gir resultat for bustaddelen av teljinga.

Tabellane 19 - 21 gir resultat for familiær og privathushald.

Tabellane 22 - 24 gir hovedresultat for befolkning, yrkesaktivitet og bustader på kommunenivå.

#### 5. MERKNADER TIL TABELLANE

##### Generelt

Ei viktig målsetjing for Folke- og bustadteljing 1980 var å presentere statistikken raskare enn ved tidlegare teljingar. For å oppnå dette, vart publiseringa lagt opp slik at statistikk for dei enkelte kommunane i eit fylke vart gitt før arbeidet med materialet for heile fylket under eitt var ferdig. Ein konsekvens av dette opplegget er at det finst mindre usemjer mellom tabellane i fylkessamdraget og summen av tabellane i kommunehefta. Årsaka er at det har kome inn enkelte skjema etter at kommunehefta vart publiserte, men før fylkessamdraget vart laga. Fylkessamdraga er såleis meir fullstendige enn kommunehefta.

##### Tabell 1

I tabell 1 har ein generelt teke sikte på å gi tal tilbake til 1801 etter fylkesinndelinga i 1980.

TABELL 1. FOLKEMENGDA VED FOLKETELJINGANE 1801 - 1980

ÅR	FOLKE-MENGD										
1801 ..	47447	1835 ..	67794	1865 ..	82037	1900 ..	99052	1930 ..	127754	1960 ..	149808
1815 ..	49044	1845 ..	72891	1875 ..	83570	1910 ..	108084	1946 ..	131679	1970 ..	156405
1825 ..	57720	1855 ..	76546	1890 ..	92034	1920 ..	125245	1950 ..	136373	1980 ..	162054

TABELL 2. FOLKEMENGDA ETTER KJØNN, EKTESKAPELEG STATUS OG ALDER. 1/11 1980

ALDER	I ALT	MENN					KVINNER				
		I ALT	UGIFTE	GIFTE	ENKJE- SEPARERTE		I ALT	UGIFTE	GIFTE	ENKJER SEPARERTE	
					MENN	OG SKILDE				ENKJER	SEPARERTE
I ALT ....	162054	80508	36237	39433	2288	2550	81546	30465	39388	8852	2841
0- 6 ÅR ..	14040	7171	7171	-	-	-	6869	6869	-	-	-
